

Stor interesse for Halsabrotet-feltet

04.03.2011



Det er stor interesse for etablering i Halsabrotet-området. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er stor interesse for tomtene i det nye bustadfeltet øverst i Halsabrotet, der det skal byggjast 34 bueiningar fordelt på 16 einebustader og 9 tomannsbustader.

Grunneigarane

Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen har så å seie like mange tomter kvar.

- uskedalen.no har også hørt rykte om at alle tomtene for einebustader allreie er tinga bort, Erlend Bjørnebøle...
- Det er ikkje heilt sant, men interessen er veldig bra, svarar grunneigaren.

Reguleringsplanen har no lege ute til offentleg ettersyn sidan 14. februar og fristen for å komme med uttale er 21. mars.

Førebelser er det berre Statens vegvesen som har uttala seg og dei er svært positive. Dei slår fast at det er gode siktilhøve i krysset mellom fylkesveg 48 og den kommunale vegen og andre merknader har dei ikkje.

Saksbehandlar i kommunen Ingo Bewer ventar ikkje spesielle innvendingar mot planen slik den no er utforma.

- Eg reknar med at resten av prosedyren vil gå greitt fordi det meste vart avklara gjennom kommuneplanen, seier Bewer.

- Og interessa for å etablira seg i feltet er god...
- Det kan eg svært godt forstå, for dette er eit attraktivt felt. Det ligg sentralt i Uskedalen og har flott utsikt samtidig som det er eit fredeleg område, seier Bewer.

Av Ola Matti Mathisen